



MEDLEMSSKRIV DESEMBER 2020.

Kalenderen i dag viser onsdag 16. desember. Det er 8 dagar til jul. Snart er det slutt på dette spesielle året 2020. Mykje har skjedd, på godt og vondt. Me håpar at dei største utfordringane kring korona-epidemien no ligg bak oss, slik at livet i 2021 kan kome tilbake i meir normal gjenge att.

Fusjon:

For Avløysarlaget sin del skjer det mykje positivt i desse dagar. Årsmøta i Bjerkreim og Gjesdal gjorde i november vedtak om å fusjonere desse to laga med verknad frå 01.01.2021. Det nye Laget vil få ca. 250 medlemmer og 500 avløysarar. I tillegg er det 4 fast tilsette landbruksvikarar som kan brukast i begge kommunane. Opningstider for begge kontor vil verte som før.

Det nye namnet på laget vil vere: **Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA**

Me tjuvstartar litt no i desember og sender ut eit felles medlemskriv til alle medlemmer i begge lag.

Avløysartilskot 2020 – Utlønning i desember:

Mesteparten av det som skal lønnast ut i desember, vart utbetalt 15. desember. Totalt kr. 3.3 mill. gjekk ut frå Avløysarlaga sine konti denne dagen!

Erfaringsmessig vil det alltid kome noko ekstra som vart utegløymt i første omgang. Difor vil det verte ei ekstra lønnskjøring i romjula. Siste frist for innlevering av timelister til dette vil vere måndag 28. desember.

Lønn som vert innlevert seinare enn dette vil kome til utbetaling i 2021 og kan ikkje brukast som avløysarutgifter i 2020.

Er du usikker på om du har brukt opp heile tilskotet – ta kontakt med Avløysarlaget.

Avløysar må vere fylt 15 år før ein kan føre opp utgiftene til avløysing.

Digital timeregistrering:

Den digitale tidsalder er på god veg inn i Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA. Dette vil det kome meir informasjon om i starten av 2021.

God jul og godt nytt år til alle!

Helsing

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA